



# Gullbryllup på Haramsøya

Agnes og Karl O.K. Haram kan feire gullbryllaup sundag den 27. juli.

Agnes vaks opp i Norddal og bryllaupet i 1930 vart halde der. Ei tid etter flytte dei til Haramsøya og tok over Framgard på Akre, der dei vart buande.

Akre-grenda ser stort sett sameleis ut i dag som ho gjorde

på 1930-talet. Nokre nye hus har kome til, men gardsinndelinga er lite endra og tuna er dei same.

Ved ettertanke oppdagar ein likevel at det er mange endringar som har skjedd i denne 50-årsbolken. Jamn og trott innsats har ført til mange steg framover og summe av desse er stor. Den generasjonen som no har te-

ke over fekk gjeve eit betre utgangspunkt enn det som dei sjølv vart bodne.

Tidlegare var vel gardsarbeidet på mange måtar tyngre og meir slitsamt enn i dag, og med stor familie å forsyrgje kunne dagane stundom kjennast tunge og strevsame. Men med optimisme og sann arbeidsglede som særlege eigenskapar røynte det visst aldri på.

No har dei lagt ned det mest av arbeidskrafta si i stell av hus og heim og i gardsdrifta. Men begge er framleis med i det daglege, og yter sitt slik dei alltid har gjort.

Dagen vert feira saman med den nærmaste familien, som ynskjer å heidre dei begge.

20/07/80